



4 fornøgte britar på SPAR

**Det er slett ikkje alle turistar som kjem til bygda sjøvegen eller på fire hjul. Nokre klarar seg med to hjul og i føremiddag var 4 britar med slike køyrety innom SPAR og fekk seg frukost før dei hasta vidare gjennom eit land som dei elsker å vera turistar i.**

**2 kørde BMW**

**og 2 KTM og dei inngår i ei gruppe på 17 motorsyklar som no er undervegs i Noreg i regi av BMW Tours i Storbritannia.**

Dei fleste har vore i Noreg fleire gonger tidlegare. Det gjeld mellom andre turleiar Richard Harvey. Dei 3 andre var Nick og Jan Fry og Brian Lowe og kvartetten var frå London-området.

Turen gjekk via Belgia og Danmark og einskilde frå gruppa skal heilt til polarsirkelen. Dei 4 som vi hadde kontakt med hadde vore så langt som til Bergen men no bar det sørover att med Bykle som neste stoppestad og retur via Danmark.

Kva som gjorde sterkest inntrykk på dei i SPAR og Uskedalen? Jau, det var nok at det norske kongeparet er å finna i full mundur på ein viss stad!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen